

Referat frå styremøte tysdag 14. oktober 2025

Til stades: Ingrid, Ann Karin, Rita, Astrid og Åse-Berit (fysisk) og Anne Margrethe, Malin Regine og Valborg (frå 18.00, på skjerm)

Sak 01/2025 Godkjenning av innkalling og sakliste
OK

Sak 02/2025 Gjennomgang av godkjent referat frå styremøte
OK

Sak 04/2025 Økonomioversikt
Orientering om økonomien pdd.

Sak 13/2025 Arbeidsplan og årshjul 2025-2026

b) Ferdigstilling av lokallagssamling Kronen gård, Sandnes

Leiaren i RBU, Maren Lindal, vil gjerne koma, og Malin Regine bed ho ta ta kontakt om kva ho vil snakka om

c) Felles informasjon på årsmøta: Mental helse er satsingsområde hos NBK, lokallagssamling, inspirasjonsseminar og fristar for årsmøte

e) Årsmøte i lokallaga – avtala kven som representerer distriktslaget

Anne Margrethe: Erfjord ynskjer besøk, og Valborg møter kanskje i staden

Astrid: Nærbø

Valborg: Suldal og kanskje Erfjord

Rita: Gjesdal

Anne Kristine: Skjold - sitt eige årsmøte

Åse-Berit: Sirdal - som medlem

Ann Karin: Bjerkreim

Ingrid: Time - som medlem

Ingrid og Ann Karin: Helleland og Heskestad

d) Årsmøte 2026 Nesflaten

Dei skal ha komitè møte 16. oktober, RBK kan få eit lite referat etter møtet

Arbeidshelg i AU 16.-18. januar, og styremedlemmene blir med 17.-18. (Stavanger)

Sak 18/2025 Høyring om modernisering av formålsparagrafen og revidering av politisk plattform og strategi mot 2030

Me har fått høyringsbrev, høyringsdokument og rettleiaren på e-post frå NBK og finn det òg under "Høyringer og rapporteringar" i [organisasjonsbiblioteket](#) på årsmøtet.

Høyringa blei gått gjennom og sendt til NBK (på skjema) med nokre kommentarar. Det hadde vore fint å få kopi av svaret.

Sak 20/2025 [Bygdekvinneprisen 2025](#)

Forslag til kandidatar som skal synleggjera og støtta "kvinnelege grunderar som viser mot, skaparkraft og nyskaping, og som bidreg til eit aktivt og levande lokalsamfunn." Styret v/leiarane sender inn forslag.

Sak 03/2025 Referatsaker/ev. oppfølging av lokallaga:

Ingrid: Møte AU og møte rekneskap

Ann Karin: Møte AU og på 75-årsjubileum i Bjerkreim BK

Åse-Berit: Møte AU og på 75-årsjubileum i Bjerkreim BK

Anne Kristine: Skal ha årsmøte 24. oktober kl. 18.00

Rita: Møte rekneskap

Astrid: Årsmøte på Nærbø

Valborg: Har hatt kontakt m/4H-klubbar som ynskjer meir samarbeid. Skal på årsmøte i Suldal 23. oktober med informasjon om kriseplanar og kva bygdekvinnelaget kan hjelpa kommunen med, samt årsmøte Erfjord

Anne Margrethe: Har sendt e-post til sonene

Innkomne skriv og meldingar:

Valnemnda skal på møte 27.10.25 hos Rita (nokon på Teams) og blir kalla inn til styremøte 4. november. Ann Karin sender ut listene og får listene i retur, dvs. ber om tilgang til listene frå NBK.

Leiarane har vore på møte i **organisasjonen "Mat og helse i skolen - lokallag Rogaland"** på Vardheia ungdomsskule der Ann Karin hadde innlegg om mat og helse-undervising. Dei arbeider for å løfta opp mat og helse-faget, og ynskjer samarbeid med lokale bygdekvinnelag om dyrking i skulehage (Julebygda og Sand følgde opp i løpet av sommaren). Ein skule hadde eple- og pæretre, men nokon hadde tatt alt dagen før innhausting... Bygdekvinnelaget tilrådde å ha dei mest vanlege sortane, og heller ta ungdommane med ut til bonden/produsentane som har gode norske råvarer og å bruka norsktradisjonsmat.no. Faglærarane bør læra elevane å handla inn, kor dei finn den norske maten, ha samarbeid med lokalt bondelag, Særheim og Jærgarden. Det var ein gild kveld!, men det kunne vore fleire som møtte opp.

E-post frå Ole Eriksen og Rogalandsgarden. Dei planlegg ein tur til Kamerun og Sambolabo i februar/mars neste år og lurar på om ein eller to personer frå bygdekvinnelaget kan gå inn i styret for foreninga frå neste år og som vil vera med på tur. Ein slik tur vil kosta om lag 25.000 kr og vara om lag 10 dagar. Tilbakemeldingsfrist på om dette er aktuelt for nokon er innan 10. november. Ein treng ikkje vera med på tur sjølv om det er interessant å vera med i dette styret. Men det er mogleg.

Me snakka litt om RBK si rolle sidan det er ei eiga stifting. Me har fått spørsmål om ein eller to nye i styret. RBK sender derfor mail til alle lokallaga som då må lufta dette for medlemmane sine.

Åse-Berit Fidjeland (skrivar)